

Eksamensoppgåver og eksamenssvar frå NOR1268

Sidemål hausten 2023

Eksempel 2: Kortsvar og samanlikn og reflekter

Kortsvarsoppgåve

Vedlegg:

- «Resteplassen», utdrag frå episode 2, sesong 1 av tv-serien «VGS»
- «15 dagar igjen», utdrag frå episode 1, sesong 3 av tv-serien «19»

Dialogane er skriftleg tilrettelagt for eksamen av Udir.

Dei vedlagde tekstane er utdrag frå to tv-seriar for ungdom og har døme på talemålsvariasjon hos unge menneske i Noreg i dag.

Gjer greie for nokre særtrekk ved språket i dei vedlagde tekstane. Bruk relevant fagspråk og døme frå vedlegga.

Skriv 200–250 ord.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område:

- Svar på oppgåva
 - har eksempel og relevant fagspråk
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til kortsvaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.
2. Sjå på vurderingsskjemaet for «kortsvaret».

3. Les elevsvaret.

- a. Strek under delar av kortsvaret som viser bruk av fagspråk.
- b. Strek under delar av kortsvaret som viser bruk av døme frå vedlegga.
- c. Kommenter strukturen i kortsvaret.

Oppgåve 1

«Hooden» av talespråk

Dei to tv-seriane «VGS» og «19» frå NRK tek for seg livet til ulike ungdommar. Begge tekstane funkjar som eit verktøy for å undersøkje talemålsvariasjon hos norsk ungdom i dag, og korleis dette kan bli forstått i eit sosioøkonomisk perspektiv.

I begge utdraga brukar karakterane engelske ord i språket deira. I «19» seier ein av gutane «Ok. Lowkey, jeg gjorde det», og seinare «Stovner er hooden min». Sjølv om desse importorda brukast, har ordet «hood» fått ei fornorsking ved å bøye det med suffikset «-en» til bestemt eintal. Ordet «lowkey», derimot, kan seies å fylle eit behov i språket ved å omtale noko «subtelt», eit ord ein ikkje har ein fullstendig norsk versjon av. I «VGS» brukar karakteren Cassy fulle engelske setningar, ikkje berre nokre importord; «For real, I´m not a scammer.» Dette kan indikere at Cassy tek i bruk sosiale medium hyppig, og har ein god språkleg forståing.

På ei anna side snakkar gutane i «19» også såkalla «kebabnorsk», med ord som «gora» og «wallah». Det er tydeleg i utdraget at språket er ein konflikt for Ibo, som går på ein skule med ein majoritet av «gora» nordmenn. Ibo er frå Stovner, og utdraga viser korleis talespråka til desse ungdommane er avhengig av korleis bydel dei er i, noko som blir bekrefta ved at Ibo har begynt å snakke meir «riktig» norsk etter å ha begynt på skolen. Narrativet problematiserer ikkje Cassys språkbruk, slik det gjer med Ibos.



Cassys engelsk er ikkje ein språkkonflikt slik Ibos innvandrarnorsk er. Medan hennar importerte språk kan leva fritt, må Ibo forhalda seg til korleis språket definerer han som ein gut frå «hooden» på Stovner.

Kjelder:

- NRK: VGS, sesong 1, episode 2 "Resteplassen", URL:

<https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller>, henta 9. oktober 2023

- NRK: 19, sesong 3, episode 1: "15 dager igjen" URL:

<https://tv.nrk.no/serie/17/sesong/3/episode/1/avspiller>, henta 09. oktober 2023

Langsvarsoppgåve

Vedlegg:

— «Karens jul» av Amalie Skram, først publisert i julenummeret av den danske avisa *Politiken* i 1885

— «Elena og Sofie» av Maria Lavik, frå *Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom*, 2021

Dei vedlagde tekstane set fokus på fattigdomsproblematikk i to ulike tidsperiodar.

Samanlikn form og innhald i tekstane og reflekter over dei i lys av den kulturhistoriske konteksten dei er skrivne i.

Svaret ditt vil bli vurdert på følgjande område :

- Svar på oppgåva
 - viser forståing av dei vedlagde tekstane
 - har eksempel og bruker relevant fagspråk
 - viser kunnskap om den kulturhistoriske konteksten
 - samanliknar vedlegga
- Struktur og samanheng
- Språkføring og formelle ferdigheiter

1. Les oppgåveinstruksen til langsaret og diskuter kva ein skal gjere i denne oppgåva.

2. Sjå på vurderingsskjemaet for «Tolking og analyse».

3. Les elevsvaret.

a. Strek under delar av langsaret som gjer greie for den retoriske situasjonen.

b. Strek under delar av langsaret som gjer greie for bruken av appellformene.

c. Strek under delar av langsaret som viser bruk av døme frå vedlegget.

d. Strek under delar av langsaret som gjer greie for verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten.

e. Korleis er langsaret strukturert? Prøv å formulere kva dei ulike avsnitta handlar om.

Avsnitt 1	
Avsnitt 2	
Avsnitt 3	
Avsnitt 4	
Avsnitt 5	
Avsnitt 6	
Avsnitt 7	
Avsnitt 8	

Oppgave 2 Langsvar

Autonomi over fattigdom

I 1885 blei Amalie Skrams novelle «Karens Jul» publisert i ei dansk avis, Politiken. Ei naturalistisk novelle som skildrar det å leve i fattigdom for Karen. Maria Laviks tekst «Elena og Sofie» er ein del av samlinga «Vi, dei fattige; åtte forteljingar og barnefattigdom» som kom ut i 2021. Ein tekst om fattigdom i eit meir moderne perspektiv, og korleis dei fattige må stille seg annleis til eigen situasjon i dag.

Motivet i utdraget frå «Karens Jul» beskriv ein situasjon kor Karen har blitt funne av ein politikonstabel i eit skur. Det er midt på vinteren, nærme juletider, og Karen er ei fattig jente som overnattar ulovleg i skuret med barnet hennar. Politimannen ynskjer først å kaste ho ut, men Karen ber om å få bli. Ho meiner at Madam Olsen, som ho pleidde å tene hos, vil kome ein dag. Karen og politimannen har ein samtale om situasjonen hennar, kor han oppdagar at Karen ikkje eingong veit kven barnefaren er. «Hå for nå'e! Kjenner du inte navnet på ditt eget barns far?». Den autorale forteljarens tankar om saka er ukjent, men lesaren får eit innblikk ved politikonstabelens forferding over situasjonen. Slik får historia fortelje seg sjølv, på eit vis. Beskrivingar av kva som skjer er nok for å få lesaren til å vrenge seg i ei ubehageleg beskriving av realiteten ved fattigdom.

«Karens Jul» er eit døme på naturalistisk litteratur, ei retning innan realismen. Ho oppstod som ein reaksjon på romantikken i åra før, som forfattarar meinte hadde skjønsmalt verkelegheita. Realistisk litteratur ynskte å sette problem under debatt, men naturalismen tok dette eit steg lenger. Ein kan seie at forfattarane låt seg inspirere av naturvitskapen, dei utforska objektivt og utan kjensler, noko ein kan sjå i «Karens Jul». Utdraget beskriv møte mellom dei to karakterane som ein passiv observatør. Det består hovudsakeleg av dialog, og let karakterane snakke for seg sjølve. Beskrivingane er objektive, og nærmast som



faktaopplysningar: «Hun pekte på et filleknytte nede på gulvet.». Litteraturen frå denne tida forsøkte å skildre verkelegheita, og skydde ikkje vekk frå ubehagelege detaljar: «hun holdt inne og snøt seg i fingrene, som hun avtørket på sitt skjørt.» Ved slike detaljar er det mogleg for Skram å skildre verda på ei sann måte, og det tvinger lesaren til å bli konfrontert med vonde sanningar.

Eit anna typisk naturalistisk trekk ved Skrams forteljing er den deterministiske tankegangen. Naturalismen forsøkte ikkje å gje ei løysning i teksta si, forfattarane nøyde seg med å beskrive den. Ein kan seie at Karen er ein passiv karakter. Ho vil bli i skuret til ho blir funne av Madam Olsen, og nektar politimannens råd om å dra til fattighuset. Tross dette held Skrams språk seg objektivt, Karen blir ikkje fordømt for dette i teksten. Karen er, i klassisk naturalistisk stil, fanga som eit offer for arv og miljø.

Skilnad i språket mellom Karen og politimannen er tydeleg i teksta. For å oppretthalde den objektive beskrivinga av situasjonen har dialogen mellom karakterane eit munnleg preg, noko som viser dei ulike sosiolektane. Når Karen blir spurt om barnefaren av konstabelen seier ho «Der er nok inte nå'en skikk å få på ham lell.», i motsetning til konstabelen med eit tydeleg meir danna språk: «Oppgi du bare navnet hans til meg, du» — mente konstabelen — «så skal han nok bli fremskaffet.». Sosiolekter kan seies å vere avgrensa variantar av et språk innanfor eit og same geografiske område, kor eins status og utdanning er ein faktor for talespråket. Karen bindar ord saman, som «nå'en», i tillegg til å ha eit mindre ordforråd som ein kan sjå ved bruk av ord som «lell». Også korleis ho uttalar visse ord kan bli knytt opp til hennar sosiolekt, i dialogen har Skram skrivi at Karen seier «hr. polleti», med dobbel konsonant og indikasjon av ein tjukk «l». Slik fargar Skram novella til å bli føla meir ektefølt, ved at til og med karakteranes språk er farga av dei ulike livssituasjonane deira.

Tross i at 100 år skil dei «Karens jul» og «Elena og Sofia», er dei like på fleire område. Begge tekstane skildrar fattigdom, og dei kan tas i bruk for å forstå korleis fattigdom har endra seg i eit norsk perspektiv, og utforskar ei mindre glamorøs jul. Motivet i «Elena og Sofie» er ei mor

som skal gjer klart til jul for dotter si. Utdraget startar med at Elena, mora, held eit rosa lodd medan ho står i kø til «Fattighuset». Forteljaren fortel korleis Elena «er blitt ekspert på å vera fattig» ved å finne ulike gåvekort, tilbod og bruke køa til Fattighuset. I motsetning til «Karens Jul» er Elenas fattigdom meir skjult, ho gjer alt dette for at dotter hennar ikkje skal vite kor lite pengar dei eigentleg har.

«Elena og Sofia» har ein allvitande førstepersons forteljar. Eg-forteljaren står som ein kontrast mot Elena sjølv, «I handa har Elena eit rosa lodd. Papirlappen minner meg om dei trauste basarane som var fritidstilbodet i den vestlandsdalen der eg vaks opp. Men lodd nummer 90 er ikkje med på å finansiera misjonering i Nepal.». Eg-et, som i utdraget hovudsakeleg held seg utanfor narrativet, startar med å gje lesaren ein kontrast, ved å direkte kommentere på lesarars potensielle assosiasjonar til eit rosa lodd. Julelodd i juleavslutninga til barneskulen, korpset eller eit fritidstilbod som forteljaren sjølv assosierer det med. Allereie frå første setning i utdraget tvingar Larvik lesaren til å opne auga til å sjå verkelegheit gjennom eit anna perspektiv.

«Elena og Sofie» funkar som ei avduking av skjult fattigdom. Teksten blei publisert i 2021, i ei verd med ein pandemi og stadig meir inflasjon per år. I motsetning til Karen er det mogleg for Elena å skjule for Sofie at dei er fattige, ved dei ulike støttesystema i samfunnet. Men tross at ho bur i «verdens rikaste land» gjer ikkje det hennar situasjon noko betre. Dei siste åra har fattigdom i landet, særleg barnefattigdom, økt. Likevel ser vi ikkje fleire «Karener» i skur som frys i hel, og slik kan denne fattigdomen vere lettare å ignorere. «Unge hipsterpar med dyre barnevogner går forbi, men Elena ser ikkje vekk.». Ved å beskrive kontrastar i samfunnet mellom «rike hipsterpar» og ei fattig mor i same gate, må lesaren konfronterast med fattigdomen dei sjølv er omringa kvar dag.

Larvik problematiserer Elenas rolle i eiga fattigdom. Tross at ho beskriv ein karakter som aktivt kjempar mot hennar eigne situasjon, oppnår ho ein nokså lik effekt som Skrams naturalistiske preg. Sjølv om Elena gjer alt ho kan, er det ikkje mogleg for ho å redde seg sjølv ut av fattigdom. Slik utfordrar Larvik tankar om fattigdom knytte opp mot mangel på viljekraft. Elena

let seg ikkje lenger skamme seg over eiga situasjon, men vel heller å sjå rett på dei rike som går forbi. Slik sett kan ho bli samanlikna med naturalismen i seg sjølv. Ho legg ikkje skjul på eiga eksistens, ho let omverda sjå hennar eiga groteske verkelegheit. Slik lykkas Larvik i å gi Elena ein individuell styrke som aktør i eget liv, noko som ikkje er mogleg for Karen som kvinne på 1800-talet med eit barn utanfor ekteskap. Likevel, dette hjelper ikkje Elena meir enn å ta ein dag om gongen, eit gåvekort om gongen og ein pose frå fattighuset om gongen. Ein kan seie at Elenas rolle som aktør har store grensar, og dagens fattigdom gjer nærmast ein illusjon av personleg makt kor ein må klare seg sjølv.

Ein kan samanfatte med at tross over 100 år mellom dei to tekstane, forsøker begge å eksponere lesaren for problem i samfunnet mange ikkje ynskjer å sjå på. Ein ynskjer ikkje å sjå ei frysande jente med eit barn i et skur, og ein ynskjer ikkje å sjå dei som står i køa til Fattighuset i auga. Tilsynelatande lever Elena i ei verd med fleire moglegheiter enn Karen, men desse støttesystema hjelper ho berre med å overleve lenger i kulda. Kor «Karens jul» er grenselaust håplaus, viser «Elena og Sofie» korleis dagens fattigdom gjer individet falsk autonomi over eiga situasjon.

Kjelder:

- Skram, Amalie: "Karens jul", Politiken 1885, Utdrag
- Lavik, Maria: Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom, Samlaget 2021, Utdrag

Kommentarer frå sensor:

Svar på kortsvarsoppgåva:

Eleven viser meget god tekstforståing og relevant fagkunnskap om særtrekk ved språk og talemålsvariasjon hos unge menneske. Eleven har relevante eksempel frå tekstvedlegga og viser god bruk av fagspråk. Det kunne med fordel vore vist større bredde av språklege særtrekk.

Svar på langsvarsoppgåva:

Eleven reflekterer over fattigdomsproblematikk i dei to ulike tidsperiodane på ein meget god måte. Svaret har ei analytisk tilnærming til tekstvedlegga med bruk av relevant fagspråk, og både form og innhald blir samanlikna på ein relevant og presis måte.

Struktur og samanheng:

Både kortsvaret og langsvaret har hensiktsmessig struktur som fungerer godt, sjølv om samanlikninga i langsvaret er litt oppstykket og delt. Det er meget god tekstbinding i svaret.

Språkføring og formelle ferdigheiter:

Eleven meistrar sidemålet på éin meget god måte. Tekstane har klare formuleringar med variert ordforråd.

Kandidaten har samla sett vist meget god kompetanse til skriftleg eksamen i norsk sidemål og svaret er vurdert til karakteren 5.